

**Fra:** Roald Hovden <Roald.Hovden@osteroy.kommune.no>

**Sendt:** 30.08.2023 09:28:16

**Til:** Mats Hatland <mats.hatland@norgeshus.no>

**Kopi:** Runar Ludvigsen <runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no>, Åge Færestrand <Age.Faerestrand@osteroy.kommune.no>

**Emne:** 145/63 fritak kommunale gebyr.

---

Hei

Eigedomen 145/63 er registrert med eigedomsskatt og gebyr for feiing og tilsyn.

Feiing og tilsyn.

Når det gjeld gebyr feiing og tilsyn er følgjande som gjeld:

Forutsetninga for gebyrfritak er at eldstaden ikkje er i bruk. Feiarvesenet kan føre tilsyn med at fyringsanlegget ikkje er i bruk.

Tilfredsstillande sikring mot bruk vil normalt vere ein fysisk fråkopling av den varmeproduserande eininga (eldstaden) og skorsteinen. Dette kan skje ved å fjerne røykrørstilkoplinga og mure igjen holet i skorsteinen. Alternativt kan man merke eldstaden på ein tilfredsstillande måte, t.d. ved plombe eller segl. Når tilfredsstillande sikring er gjennomført skal gebyr ikkje ileggjast. Det er eigar eller bruker av fyringsanlegget som har ansvaret for å underrette feiarvesenet når dette er utført.

-

Eigedomsskatt.

Det blir ikkje gjeve fritak for eigedomsskatt då det framleis er ein eigedom. Eigedomsskatt følgjer eigedomen og tar ikkje omsyn til om denne er i bruk.

**Med venleg helsing**

**Roald Hovden**  
**Spesialrådgjevar Samfunnsutvikling**

E [roald.hovden@osteroy.kommune.no](mailto:roald.hovden@osteroy.kommune.no)



95213155  
56192100

*Eg gjer merksam på at dette er ei offentleg e-postadresse;  
All korrespondanse vert vurdert for journalføring.*



**Me er sertifisert Miljøfyrtårn. Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.**